

Bremanger kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Formannskapssalen
Dato: 27.01.2017
Tid: Kl. 09:00 – 10:40

Faste representantar som møtte:

Britt Domben Mulelid
Frank Midtbø
Nils Jørgen Sagebø
Rakel Rise Hallset

Forfall faste representantar:

Harry Gulestøl

Fylgjande vararep. møtte:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
01/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/17	Skriv og meldingar
03/17	Prosjektplan for forvaltningsrevisjon: Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage
04/17	Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016 - 2019 - drøfting av vidare prioriteringar
05/17	Revisor si uavhengigheit
06/17	Årsmelding 2016 - Bremanger kontrollutval
07/17	Oppfølgingsliste og merknader 1 - 2017

Andre som møtte: SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim. KRYSS Revisjon ved Terje Førde og Stig Årdal. Ordførar Audun Åge Røys. Rådmann Tom Joensen.

Britt Domben Mulelid kom til sak 4/7.

Underskrifter:

01/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.01.2017:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 01/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

02/17: Skriv og meldingar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.01.2017:

Leiaren gjekk gjennom kommunestyret si handsaming av rapport frå forvaltningsrevisjon om oppfølging av sjukefråvær. Ved seinare høve vert leiar for kontrollutvalet kalla inn ved handsaming i kommunestyret.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 02/17 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

03/17: Prosjektplan for forvaltningsrevisjon: Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan datert 17.1.2017 vert godkjend.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.01.2017:

KRYSS Revisjon ved Stig Årdal informerte om prosjektplanen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 03/17 VEDTAK:

Prosjektplan datert 17.1.2017 vert godkjend.

04/17: Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016 - 2019 - drøfting av vidare prioriteringar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Saka vert lagt fram til drøfting.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.01.2017:

Utvalet drøfta moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt:

Innkjøp på driftssida. Fokus på oppfølging av innkjøpsavtalar som kommunen er knytt til.

Saksgang ved henvendingar til kommunen. Fokus på system for handtering av dokument uavhengig av kommunikasjonskanalar, arkivering, publisering og oppfølging av fristar.

Informasjon frå rådmannen om at ein startar eit prosjekt om dimensjonering og organisering av helsetenesta jf moglege prosjekt om "Helse og omsorg - oppfølging av avtalar". Rådmannen informerer nærare om prosjektet i neste møte.

Framlegg i møtet:

Utvalet ser det som aktuelt å gjere ei omprioritering. Saka vert sett opp til handsaming på neste møte.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

BRE- 04/17 VEDTAK:

Utvalet ser det som aktuelt å gjere ei omprioritering. Saka vert sett opp til handsaming på neste møte.

05/17: Revisor si uavhengigheit

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek revisor si vurdering av uavhengigheit til orientering.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.01.2017:

Revisjonssjef Terje Førde informerte.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 05/17 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek revisor si vurdering av uavhengigheit til orientering.

06/17: Årsmelding 2016 - Bremanger kontrollutval

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Framlegg til årsmelding 2016 for Bremanger kontrollutvald vert vedteke.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.01.2017:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 06/17 VEDTAK:

Framlegg til årsmelding 2016 for Bremanger kontrollutvald vert vedteke.

07/17: Oppfølgingsliste og merknader 1 - 2017

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 27.01.2017:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 07/17 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.